



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter	FE-150	19/381

Saksnr	Utval	Type	Dato
127/19	Formannskapet	PS	26.11.2019
	Kommunestyret	PS	
015/19	Eldrerådet	PS	12.11.2019
012/19	Arbeidsmiljøutvalet	PS	21.11.2019
022/19	Ungdomsrådet	PS	19.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Vedlegg:

Rådmannens framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 (1)

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023_taldel (2)

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Rådmannen fremmar i denne saka sitt framlegg til kommunebudsjett 2020 og økonomiplan for perioden 2020-2023 i same dokument. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 er grundig sakshandsama både i utvida leiargruppe, personalleiargruppa og i rådmannsgruppa. Dei hovudtillitsvalde har også blitt orientert og fått uttale seg. Dei innspela me har fått i denne prosessen er alle blitt vurdert og nokre er også tatt hensyn til. Framlegget vert sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarar, samt vert lagt ut på heimesidene til kommunen.

Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert sendt på høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd og handsama der før saka kjem til handsaming i formannskap og kommunestyre.

Vurdering

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 er så godt opplyst som mogeleg og dermed klar til politisk handsaming.

Forslag til vedtak:

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre.



Fedje kommune

Eldrerådet - 015/19

ELD - behandling:

Eldrerådet tek budsjettet til vitande og ser positivt på at alle tilbod vert vidareført. Eldrerådet ser det som viktig å bruke lærlingordninga til rekruttering til pleie og omsorg. Det er ønskjeleg at rådmannen er på møtet til eldrerådet.

ELD - vedtak:

Eldrerådet tek budsjettet til vitande og ser positivt på at alle tilbod vert vidareført.

Eldrerådet ser det som viktig å bruke lærlingordninga til rekruttering til pleie og omsorg.

Samrøystes vedteke

Ungdomsrådet - 022/19

U - behandling:

Ungdomsrådet ønskte garderobe og toalett på fotballbana. Representant for rådmannen fortalde at dei må ta kontakt med idrettslaget.

Ungdomsrådet ønskte at det skulle vore ein stad ungdommar kan vere i helgene.

Frida Herøy foreslo bygdekino. Maren G. Tungland foreslo at bygdekinoen kan vere ein gong i månaden.

Ståle Opsahl foreslo stupebrett på badestranda.

Frida Herøy foreslo klatrevegg.

Amalie foreslo ny huske utanfor skulen.

U - vedtak:

Det vart ikkje røysta over framlegga som kom fram i ungdomsrådsmøtet.

Arbeidsmiljøutvalet - 012/19

AMU - behandling:

AMU - vedtak:

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vart drøfta slik det ligg føre.

AMU registrerer at det er lagt opp til eit stramt budsjett, men har ingen merknadar.



Fedje kommune

Samrøystes vedteke.